



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 20.04.2015  
Vår ref.: 2014/14048-21  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til 3. gongs høyring av områdeplan for Knarvik sentrum - Lindås kommune , PlanID 1263-201002**

Vi viser til brev datert 10.03.15 om 3. gongs høyring av forslag til områderegulering for Knarvik sentrum. Hovudføremålet i planen er å leggje til rette for at Knarvik skal utviklast til eit attraktivt senter med bykvalitetar. Føremålet er i samsvar med kommunedelplan der området er sett av til senterområde. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planar ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Ved 2. gongs høyring kom fylkeskommunen med merknader til planen knytt til senterstruktur, handel, næring og samferdsel. Fråsegna vart sendt i brev av 30.09.2014.

I dette brevet kjem Fylkeskommunen med sin vurdering av høyringsutkastet til 3. gongs offentleg ettersyn.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Vurdering**

Ved 2. gongs høyring av planframlegget kom fylkeskommunen med innspel om at ein burde definere sentrumsutstrekning, gjennomføre handelsanalyse og justere areal for kontorarbeidsplassar. Fylkeskommunen hadde også innspel om at ein burde utarbeide ein overgangsplan for kollektivløyising.

#### Handel, bustad og kontor

Kommunen har vurdert å ikkje gå vidare med innspela om sentrumsutstrekning, handelsanalyse og kontorarbeidsplassar som fylkeskommunen spela inn ved 2. gongs høyring. Vi viser til fråsegna ved sist høyring og vil oppretthalde innhaldet i denne uttalen.

Ved 3. gongs høyring er det ikkje gjett føresegner for kor mykje handel/bustad/næring som kan etablerast for dei ulike områda i planen. Det er heller ingen grense for kor mange etasjar handelsverksemda kan strekke seg i vertikalnivå. Dette er i strid med regionale interesser. Ved å ikkje ha med ein slik avgrensing opnar planen opp for store areal sett av til handel, til dømes etablering av handelshus i fleire etasjar. Lite avgrensingar for handel kan føre til ein utvikling der ein kan risikere at sentrumsfunksjonane vert spreidd utover store avstandar, eller at all handel vert lokalisert på ei tomt . Det vert ein lite styrt utvikling der ein risikerer ein dårleg balanse mellom handel, private og offentlege tenester , kulturtilbod og tenester i senterområdet.

Hordaland fylkeskommune rår til at ein legg inn ein øvre grense for handelsareal i dei ulike områda, og at det setjast ein etasjegrænse for handelsverksemd slik at ein sikrar handel og byliv på gateplan. Eit døme på ein avgrensing for etasjegrænse er: «*Handel skal plasserast i 1.etasje lags allmenningen der det skal etablerast eit samanhengande sentrumsområde. Ein bør unngå handel i 2.etasje.*» Dette vil sikre ein fleksibel plan, samstundes som ein kan ha god styring på utviklinga i senterområdet.

### Samferdsel

Når det gjeld samferdsel hadde fylkeskommunen ved 2. gongs høyring innspel om at ein burde utarbeide ein overgangsplan for kollektivløysing. I e-post sendt 3.11.2014 stadfestar Arnold Matre – Lindås kommune at dei forpliktar seg til å gå i dialog med Hordaland Fylkeskommune og Statens Vegvesen med det føremål å finna løysingar som sikrar naudsynte funksjonar knytt til kollektivtransport i Knarvik.

Det er viktig å påpeike at dagens terminal ikkje må avviklast før ein fullverdig mellombels terminal er operativ. Sjølv om det i ein periode ligg ann til ein mellombels bussterminal, er det sentralt at tilbodet fortset å vere attraktivt og effektivt. For å sikre dette er det viktig å gje gode mogelegheiter for overgang mellom dei ulike busslinjene. Vi rår frå at overgangen frå dagens terminal til mellombels terminal skjer stykkevis. Dette vil bidra til eit fragmentert busstilbod som er mindre attraktivt og effektivt enn dagens tilbod og som igjen kan bidra til auka bruk av personbil.

### **Konklusjon**

Vi viser til fråsegna som var gitt ved 2. gongs høyring og framleis oppretthalde innhaldet i denne uttalen. Vi rår til at ein definerer ein etasjegrænse for handelsetablering og eit tak for kor mykje handel som kan etablerast i dei ulike områda. Hordaland fylkeskommune har elles ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Kjetil Sigvaldsen, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest